

Jakob Blikra
Øvre Fjellstad 40
5550 Sveio

Sveio Kommune
v/Stine Lise Espeland
5550 Sveio

Viser til brev av 16/2-2023
Dokumentnummer 14/1201-394

Sveio 24/2-2023

SVEIO KOMMUNE	
Arkiv sak	
27 FEB. 2023	
Lnr.	Grad
Arkiv	Sbh.
Kopi	

Dykkar vurdering av mitt innspel er ikkje heilt riktig.
Eg ynskjer areal lagt ut til bustadføremål (B), ikkje LNF-spreidd.

Ut ifrå føresegnene til LNF-spreidd om avstand til dyrka mark, trafikk gjennom gardstun, og ikkje bygging på dyrka mark, vurderer eg det slik at det ikkje er råd å finna eigna tomt på Bjelland – utan å måtte gå vegen om dispensasjon.
Det er og i dette lyset ein må lesa at dei 6 tomtene på Bjelland, innanfor LNF-spreidd, ikkje har vorte nytta.

Ved å legge arealet i mitt innspel inn som bustadføremål, vil det vera mogeleg å realisera 6 tomter – sidan ein med bustadføremål står friare enn dei rigide reglane som må følgjast innanfor LNF-spreidd.

Vonar det er oppklarande.

Med helsing

Jakob Blikra

Jakob Blikra